

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Studenttinget 2016/2017

Referat til 7. møte, 29.03.17

Tid 29. mars 2017 kl 16.30

Stad Strøm 243

Til stades med **AHL:** Nikolai Bjørnevik Flisnes (H), Henny Elisabeth Sandvik (V)

stemmerett: **AKF:** Christian Christiansen (H)

AMF: Pernille Røe (H), Svend Andreas Aspaas (V)

ASH: Oda Skoglund (H), Silje Brekka (H)

FR: Toril hagen (H), Helene Larsen (H), Guro Kvist)

Til stades utan **AU:** Karoline Strand (leiar), Lisa S. Kalvø (nestleiar), Håvard Bjørnerem
stemmerett: (infoansvarleg), Marie Havnsund (entr. og næringslivskoordinator)

Kontrollkomitéen: Serghei Levenco, Eirik Nybø

Andre: Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar), Marit Aklestad (referent),
Johann Roppen (tom. sak Terese Balsnes, Hilde-Gry Leer-Salvesen-

Sakliste:

Sak 48 – Val av ordstyrar og teljekorps
Sak 49 – Godkjenning av innkalling og referat
Sak 50 – Godkjenning av sakliste og dagsorden
Sak 51 – Orienteringar
Sak 52 – Ny nettside – orientering v/ Terese Balsnes
Sak 53 – Digitalisering i utdanninga v/ Hilde-Gry Leer Salvesen
Sak 53 – Studiebarometeret 2016 – orientering v/ Johann Roppen
Sak 54 – Internasjonalt ansvarleg fråtrer sitt verv
Pause
Sak 55 – Samansetjinga av Arbeidsutvalet i STiV
Sak 56 – Endring av stillingsbeskrivinga til leiar
Sak 57 – Endring av vedtektene
Sak 58 – Ymse

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Sak 48 – 16/17 Val av ordstyrar og teljekorps

Arbeidsutvalet innstilte Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar og Serghei Levcenov og Eirik Nybø som teljekorps.

Vedtak:

Studenttinget vel Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Studenttinget vel Serghei Levcenov og Eirik Nybø som teljekorps.

Sak 49 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Ingen merknader til innkallinga eller referatet.

Vedtak: Studenttinget godkjenner innkallinga og referat.

Sak 50 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Ingen merknader til sakliste og dagsorden.

Vedtak: Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden.

Sak 51 – 16/17 Orienteringar

Arbeidsutvalet v/ Karoline Strand orienterte om følgjande:

- Status Kaarstad (møblement og mat)
- Det nye mediebygget
- Styringsmodell (framleis vald rektor)
- FoU-prisen 2017 (nominasjonsfrist 15. april)
- Arbeid med rekruttering til AU-val
- Workshop med Studenttinget 4. april

Vedtak : Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Sak 52 – 16/17 Ny nettside – orientering

Terese Balsnes frå kontor for samfunnskontakt orienterte om arbeidet med den nye nettsida til høgskulen. Studenttinget kom med spørsmål og innspel.

Vedtak: Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Sak 53 – 16/17 Digitalisering i utdanninga - orientering

Hilde-Gry Leer-Salvesen orientere om arbeidet med digitalisering i utdanninga. Studenttinget kom med spørsmål og innspel.

Vedtak: Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Sak 54 – 16/17 Studiebarometeret 2016 - orientering

Rektor Johann Roppen orienterte om resultatata frå Studiebarometeret 2016. Studenttinget kom med spørsmål og innspel.

Vedtak: Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Sak 55 – 16/17 Internasjonalt ansvarleg fråtrer sitt verv

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Marie Havnsund (overtok då David Fiskaa meldte forfall)

Internasjonalt ansvarleg i arbeidsutvalet i STiV, Natalia Ramirez Garcia, fråtrer sitt verv. Arbeidsutvalet vurderer det slik at det er mest hensiktsmessig å ikkje gjennomføre suppleringsval på inneverande tidspunkt, men tilrår heller å gjennomføre val av ny internasjonal ansvarleg i samband med ordinært val i april.

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Vedtak: det vert ikkje halde suppleringsval for ny internasjonalt ansvarleg. Ny internasjonalt ansvarleg vert vald ved ordinært val av nytt arbeidsutval i april.

Sak 56 – 16/17 Samansetjinga av arbeidsutvalet i STiV

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Karoline Strand la fram saka der AU har diskutert om STiV bør kutte stillinga som entreprenør- og næringslivskoordinator. Eit mindretal på 1 i AU hadde teke ut dissens i saka. Karoline Strand forklarte saka frå fleirtalet si side, medan Marie Havnsund forklarte saka frå mindretalet si side.

Forslag til vedtak (fleirtalet):

1. Studenttinget kuttar stillinga til Entreprenør- og Næringslivskoordinator i arbeidsutvalet.
2. Vedtektene til STiV vert oppdatert redaksjonelt som fylgje av at stillinga vert kutta.

Dissens frå mindretalet (Marie Havnsund):

Studenttinget opprettheld stillinga som entreprenør- og næringslivskoordinator.

Votering: 6 stemmer for fleirtalet sitt forslag, 3 stemte for mindretalet sitt forslag, 1 avholden.

Vedtak:

1. Studenttinget kuttar stillinga til Entreprenør- og Næringslivskoordinator i arbeidsutvalet.
2. Vedtektene til STiV vert oppdatert redaksjonelt som fylgje av at stillinga vert kutta.

Sak 57 – 16/17 Endring av stillingsbeskrivinga til leiar

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Lisa Kalvø la fram denne saka som kom som ei fylgje av eit evt. vedtak om å kutte stillinga som entreprenør- og næringslivskoordinator.

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17



Vedtak: Studenttinget vedtek ny stillingsbeskriving for leiar.

Sak 58 – 16/17 Endring av vedtektene

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem orienterte.

Forslag til vedtak:

Vedtektene til STiV, Kap. 5, § 5.1, bokstav c vert erstatta til fylgjande ordlyd:

"Medlemane i arbeidsutvalet kan ikkje stille til val eller inneha verv i Høgskulestyret. Føresegna er likevel ikkje til hinder for at eit avtroppande medlem kan stille til val, forutsatt at medlemmet i arbeidsutvalget vil fråtre sitt verv før ny periode for Høgskulestyret tek til."

Votering: vedtatt

Møteslutt 19.00

Studenttingsmøter 2016-17

Referat nr 7/16-17

Møtedato 29.03.17

